



LINDÅS KOMMUNE
Kvernhusmyrane 41
5914 ISDALSTØ

Dato: 26.11.2019
Vår ref.: 2019/19265-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - landbruksveg - Askeland - gnr. 16, bnr. 3 - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 14.11.19 med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 16, bnr 3 mfl. I Lindås kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med vegen. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet (veg og hogst) søker å unngå inngrep i/skade på steingardar og utmarkstufter m.m., som er viktige kulturlandskapstrekk i området.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.